

Rumpetroll

"Alle har lov til å samle inn egg og rumpetroll av vanlig frosk til forsknings-, undervisnings- og opplysningsformål. Levende egg, rumpetroll eller utviklet frosk skal deretter settes ut på samme sted som de ble samlet inn"¹



DIREKTORATET FOR
NATURFORVALTNING

Innsamling

Du kan samle inn egg eller rumpetroll i ei vanleg isboks.

Ta med litt mose og vassplanter frå den staden du hentar egg/rumpetrolla.

Ta også med litt ekstra vatn i tomme reine brusflasker.

Når du kjem inn

I ein litt større plastbalje eller akvarium lagar du til eit fint område til egg/rumpetrolla.

Lag til ein miniatyrdam med litt mose og vassplanter og ein fin stein midt i "dammen".

Det er viktig at steinen har ei slik form at det etter kvart er lett for "småfroskane" og krype opp på den. Mose og vassplanter gir rumpetrolla ein plass å gøyme seg og utforske.

Eksempel på rumpetrolldam i plastbalje:



¹ http://www.dirnat.no/naturmangfold/trua_arter/fredete_arter/



Stell

For å unngå dårleg lukt av vatnet er det lurt å skifte ut litt av vatnet kvar dag. Det aller beste er om du har moglegheiter til å hente vatn frå staden du henta egga/rumpetrolla. Alternativ er at du hentar vatn i ein annan rein bekk eller myr. Det dårlegaste alternativet er å ta vatn frå springen. Om du må ta vatn frå springen så er det viktig at du skiftar berre litt og litt vatn kvar dag. Til dømes at du tek ut eit glas vatn og tilsett eit glas vatn.

Får dei godt stell vil ein i regelen ha minimalt med skade eller døde rumpetroll. Men dersom nokon skulle dø så fjern dei med ein gang. Får nokon av rumpetrolla ”skavanker” så ta dei ut av den store plastbaljen og sjå om dei blir friske i ”isolat” – i ein eigen liten plastboks.

Mat

Har du henta egg så treng ikkje rumpetrolla noko mat før alt av ”egget” eller ”geleen” er borte. Etter det kan du mate dei med vanleg fiskemat som ein nyttar i akvarium/gullfiskar.

Ofte veks rumpetrolla i litt ulikt tempo slik at ein på slutten kan ha både småfroskar og rumpetroll.

Når rumpetrolla startar å bli små froskar treng dei steinen til å klatre opp av vatnet!



Små froskane og eventuelle rumpetroll må ein sleppe ut på den same staden der ein henta dei.

Ver skånsam ved utsetting: Dersom det er kaldt ute og du har hatt dei inne i varmen så sett plastbaljen ut natta før du skal sette dei ut slik dei får tilpasse seg litt til temperaturen i omgivnadane.